



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

REGIONAL PLAN FOR KLIMAOMSTILLING 2018-2021

Handlingsprogram 2018-2019

Vedteke i fylkestinget juni 2018



Innhald

1. Innleiing	2
2. Tiltak	3
Kvifor står ikkje all viktig innsats på tiltakslista?	3
Kven er tiltaka relevante for?	3
Kostnad og finansiering	3
2.1. Tiltaksoversikt.....	4
3. Oppfølging av Regional plan for klimaomstilling	25
4. Vedlegg	26
4.1 Andre relevante tiltak for kommunane.....	26

1. Innleiing

I Regional planstrategi 2016-2020 er klimaendringar løfta fram som ein av fem hovudutfordringar for fylket. Planen peikar på utfordringar knytt til klimagassutslepp og sårbarheit for eit endra klima.

Arbeidet med klimaomstilling inkluderer både utsleppsreduksjon, klimatilpassing og samfunnsendring. Avgrensingar av arbeidet er nødvendig, og åtte plantema er prioritert som dei viktigaste områda for klimaarbeidet i fylket:

- Energiforsyning
- Energibruk i bygg
- Areal og transport
- Næringsliv og teknologi
- Klimavenleg landbruk
- Klimatilpassing
- Forbruk
- Klimakunnskap og klimakommunikasjon

Regional plan for klimaomstilling er tredelt og har ein kunnskapsdel, ein plandel og eit handlingsprogram, jf. skjemaet under. Kunnskapsdelen er utarbeidd først og er lagt til grunn for utarbeiding av mål i plandelen, og for tiltaka i handlingsprogrammet.

Regional plan for klimaomstilling	
Kunnskapsdel	Status, utviklingstrekk og utfordringar
Plandel	Strategiar og mål for planperioden
Handlingsprogram	Innehalde prioriterte tiltak

I kapittel 2 følgjer ei oversikt over tiltaka for planperioden 2018-2019. Vidare følgjer ei detaljert skildring av kvart tiltak knytt til ansvar, innhald, kopling til resultatmål i plandelen, kostnad og finansiering, kritiske suksessfaktorar samt start og slutt. Kapittel 3 er knytt til oppfølging av Regional plan for klimaomstilling.

I regional plan for klimaomstilling, i kunnskapsdel, plandel og handlingsprogram vert det vist til ulike aktørar. Der ein viser til «Sogn og Fjordane» eller «fylket» som aktør meiner vi både fylkeskommunen, kommunar og andre aktørar. Der det er meint å framheve fylkeskommunen som aktør er dette presisert.

2. Tiltak

Tiltaka er direkte kopla til resultatmåla i Regional plan for klimaomstilling 2018-2021, samt det overordna målet om «Saman få til klimaomstilling i Sogn og Fjordane», der fylket er:

- SMARTARE:** kvar einskild tek ansvar, og fylket utviklar fagmiljø, kunnskap og næring.
- TRYGGARE:** bygg, busetnad, infrastruktur og samfunn er tilpassa, og har redusert sårbarheit, i møte med klimaet i dag og i framtida.
- GRØNARE:** fylket tek minst sin del av dei nasjonale måla om utsleppsreduksjon.

Kvifor står ikkje all viktig innsats på tiltakslista?

Det gode klimaarbeidet som aktørane i fylket allereie gjer i dag, med eksisterande rutinar, aktivitet og prosjekt, men som ikkje er inkludert i handlingsprogrammet er sjølvstøtt viktig å vidareføre. Dette gjeld også relevante tiltak i andre regionale planar som ikkje er oppført i dette handlingsprogrammet.

Handlingsprogrammet inneheld dei tiltaka som er prioriterte for gjeldande handlingsplanperiode. Nokre av tiltaka gjeld konkret korleis fylkeskommunen skal klimaomstille eiga verksemd, og fleire av tiltaka set føringer for bruk av klimabudsjettet i fylkeskommunen.

Handlingsprogrammet der difor ikkje ei fullstendig liste over tiltak og aktivitet i fylket.

I kapittel 3 kan ein lese meir om oppfølging av Regional plan for klimaomstilling. Oppfølging over fleire plan periodar skal sikre at fylket har ein samla oversikt over gjennomførte og igangsette klimatiltak dokumentert over tid.

Kven er tiltaka relevante for?

For kvart tiltak er det skrive kven som har ansvar for gjennomføring. Samstundes er tiltaka utforma slik at dei er relevante også for andre aktørar, og tiltaka gir ein god peikepinn på korleis også andre aktørar kan, eller bør jobbe med klimaomstilling. Når kommunane innarbeider klima i kommuneplanar eller i kommunedelplanar, bør dei ta utgangspunkt i måla og tiltaka i Regional plan for klimaomstilling og tilpasse desse til sin kontekst. Det same gjeld for andre aktørar i regionen ved utarbeiding av eigne klimaplanar.

I Regional plan for klimaomstilling er det ingen prioriterte tiltak som kommunane er ansvarleg for. Som vedlegg følgjer ei liste over tiltak som er retta spesifikt mot kommunal verksemd og kan vere relevante for kommunane. Tiltaka er ikkje å rekne som ei prioritert liste. Tiltaka er vidareført frå Fylkesdelplan for klima og miljø 2009 og handlingsprogram 2016-2017. Kommunane kan nytte denne liste som ein idébank i sitt arbeid.

Kostnad og finansiering

Klimabudsjettet i fylkeskommunen vert fastsett årleg i fylkestinget i desember. Klimabudsjettet kan disponerast til tiltak knytt til mål i Regional plan for klimaomstilling. Kostnad og finansiering ført opp under dei ulike tiltaka i handlingsprogrammet er førebels per no.

Vidare er fleire tiltak knytt til fylkeskommunen sine ordinære arbeidsoppgåver. Desse vert finansiert frå andre budsjettpostar.

2.1. Tiltaksoversikt

Handlingsprogrammet har 36 tiltak, som er nummerert frå 1 til 36. I tabellen under er det ei tematisk oversikt over dei ulike tiltaka i handlingsprogrammet.

Nr	Tiltak i handlingsplanperioden 2018-2019	Energiforsyning	Energibruk i bygg	Areal og transport	Næringsliv og teknologi	Klimavenlig landbruk	Klimatilpassing	Forbruk	Klimakunnskap/-kommunikasjon
1	Etablering av eit regionalt nettverk for klimaomstilling	x	x	x	x	x	x	x	x
2	Etablering av Norsk klimatilpassingssenter i Sogndal						x		
3	Nasjonal klimaomstillingskonferanse i Sogndal						x		x
4	Møteplassar for det grønne skifte i næringslivet				x				
5	Møteplasser for klimaomstilling i kommunane						x		x
6	Reduksjon av klimagassutslepp i transportsektoren jamfør RTP			x					
7	Klimatilpassing av fylkesvegnettet jamfør RTP						x		
8	Auke delen kollektivreiser			x				x	
9	Tilskotsordning for etablering av hurtigladestasjonar			x					
10	Areal- og samfunnsplanlegging som verktøy for klimaomstilling	x	x	x	x	x	x		x
11	Rettleiing og oppfølging av ROS-analyser i kommunal arealplanlegging			x			x		
12	Rettleiing og tilsyn med kommunane si oppfølging av beredskapsplikta						x		
13	Klimakommunikasjonsstrategi	x	x	x	x	x	x	x	x
14	Etablering av Klima- og miljøprisen								x
15	Tilskotsordning til klima- og miljøtiltak			x		x	x	x	x
16	Oppdragsbrev til Innovasjon Norge				x				
17	Regionale tilskotsordningar				x			x	x
18	Samarbeidsavtaler med lag og organisasjonar							x	x
19	2°C-magasinet							x	x
20	Klimastipend og tilskot til masteroppgåver								x
21	Biblioteka som pådrivar for ein grønare kvardag								x
22	Den kulturelle skulesekken med klimaperspektiv								x
23	Klimaspel/klimameisterskap i den vidaregåande skulen							x	
24	Berekraftig utvikling som del av dei nye læreplanane								x
25	Konferanse om utdanning for berekraftig utvikling								x
26	Energiportalen	x	x					x	x
27	Hindre spreieing av gummigranulat frå kunstgrasbaner							x	
28	Klimatilpassing og utsleppsreduksjon som del av mandatet til programstyra for frukt og grønt, grovfôr og husdyrhold samt skog og tømmer					x			
29	Utvikling og formidling av kunnskap om klimaomstilling av landbruket					x			
30	Prosjekt om lokale utfordringar knytt til klimaomstilling					x			
31	Tverrfaglig klimagrupper i fylkeskommunen							x	x
32	Danne tverrfaglig ressursgruppe knytt til grønne innkjøp			x	x			x	x
33	Kvalitetssystem for gjennomføring av anbuds konkurransar for byggjeprojekt		x						x
34	Energioppfølgingsystem og sentral driftskontroll		x						
35	Miljøfyrtårn-sertifisering og Klimaregnskap for fylkeskommunal verksemd							x	
36	Forsknings- og utviklingsstrategi			x	x	x	x		x
37	Biostrategi	x			x	x			

Tiltak 1: Etablering av eit regionalt nettverk for klimaomstilling

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	
Den regionale partnerskapen	Eit regionalt nettverk for klimaomstilling i Sogn og Fjordane skal etablerast etter «Sogn og Fjordane modellen». Fylkeskommunen tek initiativ til å forankre nettverket på toppleiarnivå i den regionale partnerskapen.		Det overordna mål om saman å få til klimaomstilling i Sogn og Fjordane.
Initiativtakar: Fylkeskommune ved plansjefen	<p>Nettverket skal ta utspring i dei eksisterande samarbeidsarenaer:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gruppa som jobbar med klimaomstillingskonferansen • Styringsgruppa for regionalt Klimasamarbeid <p>Ein sentral oppgåve til nettverket er oppfølging av og rapportering på Regional plan for klimaomstilling.</p> <p>Andre forventningar til nettverket er:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Diskusjon og erfaringsutveksling om kva fylket sine utfordringar er, danne felles målsetjingar, finne løysningar og så setja i verk konkrete tiltak. • Regional samordning av klimaarbeidet i fylket. • Eit regionalt møtepunkt for erfarings- og kunnskapsdeling. • Vere fagleg ressursgruppe og yte rettleiing innan klimaspørsmål. • Planlegging av klimaomstillingskonferansen i Sogndal. 	Kostnad og finansiering	
		Kritiske suksessfaktorar	<ul style="list-style-type: none"> • Mandat for nettverket. • Gruppa er samansett av personer med kompetanse og engasjement.
		Start og slutt	Start 2018 – Kontinuerleg.

Tiltak 2: Etablering av Norsk klimatilpassingssenter i Sogndal

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	
Vestlandsforskning	Føremålet er å etablere eit nasjonalt senter for å skaffe den brukarretta kunnskapen samfunnet treng om korleis tilpasse seg til forventa klimaendringar. Senteret har som mål å være det leiande forskingsmiljøet på berekraftig klimatilpassing i Norge, og mellom dei leiande internasjonalt.		 Klimatilpassing: M17
Initiativtakar: Vestlandsforskning	Vestlandsforskning vil etablere senteret i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet (HVL), CICERO og Norsk klimaservicesenter, i tillegg til nokre utvalte norske og utanlandske fagmiljø	Kostnad og finansiering	Statleg startfinansiering på 10 mill. kr, og ei langsiktig ordning med årleg grunnfinansiering på 5 mil. kr. Fylkeskommunen støtta med 500.000 kr til planlegging (FT-sak 58/17) og 1,2 mil. i oppstartløyving (FT-sak 26/18).
		Kritiske suksessfaktorar	<ul style="list-style-type: none"> • Nødvendig startfinansiering
		Start og slutt	

Tiltak 3: Nasjonal klimaomstillingskonferanse i Sogndal

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	
Den regionale partnerskapen	Klimaomstillingskonferansen vart for første gang gjennomført i 2016, og konferansen i 2018 er den tredje i rekka. Hovudtema for konferansen i 2018 er klimaomstilling og det grønne skiftet. Føremåla med arrangementet er å skape merksemd om klimaendringane, vise fram dei mange kompetansemiljøa i fylket og å profilere Sogn og Fjordane som leiande på samarbeid innan klima.		 Klimatilpassing: M17.1
Initiativtakar: Regionalt nettverk for klimaomstilling i Sogn og Fjordane (Sjå tiltak 1)	Gjennomføringa av nasjonale klimakonferansar i Sogndal dei to siste åra har gitt partnerskapen og fylket ein nasjonal posisjon. Målet er at også neste års konferansar promoterer kompetanse og samarbeid i Sogn og Fjordane, og samstundes opnar for meir samarbeid med relevante aktørar i Hordaland.		 Klimakunnskap og klimakommunikasjon: M23.1, M23.4
	Målgruppene er tilsette i offentlege verksemdar, næringslivet, forskarar, konsulentar, politikarar og studentar.	Kostnad og finansiering	Det er eit mål at konferansen er sjølvfinansierande. Tidligere år har kvar etat garantert for ein finansiering opptil 40.000 kr. Tidlegare år har etatane måtte dekke om lag 15.000 kr kvar. Fylkeskommunen budsjetterer med 20.000 kr per år frå klimabudsjettet.
	Fylkesmannen koordinerer programarbeidet i 2018, i samarbeid med programkomiteen med representantar frå partnerskapen.	Kritiske suksessfaktorar	• Aktivt og godt samarbeid.
		Start og slutt	Årleg (25. – 26. april 2018).

Tiltak 4: Møteplassar for det grønne skifte i næringslivet

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	
Den regionale partnerskapen	I tråd med satsingar i Verdiskapingsplanen jobbar fylkeskommune med å styrke og utvikle bransjebaserte og bransjeuavhengige møteplasser. Formålet er at næringsliv og forskingsmiljø kan møtast for å dele kunnskap og erfaring for utvikling av ny låg- og nullutsleppsteknologi, nye produkt og tenester.		 Næringsliv og teknologi: M10.1, M11.1, M12.2
Initiativtakar: Fylkeskommune ved fylkesdirektør for næring og kultur	Formålet er m.a. å saman identifisere problemstillingar for forskning, nyskaping og omstilling, samt leite etter innovasjonar og løysningar for å redusere punktutslepp. Det skal i fellesskap lagast ei oversikt over store punktutslepp frå industrien i fylket, og vurdere dei «lågt	Kostnad og finansiering	Tiltaket går inn i dei ordinære arbeidsoppgåvene til fylkeskommunen.
		Kritiske suksessfaktorar	
		Start og slutt	Møteplassar for reduksjon av punktutslepp i industrien skal

	hengende fruktene» for å redusere utslepp av klimagassar basert på kost-nytte vurdering.		startast opp seinast innan 2019 – heretter kontinuerleg.
--	--	--	--

Tiltak 5: Møteplasser for klimaomstilling i kommunane

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	Kostnad og finansiering	Kritiske suksessfaktorar	Start og slutt
Den regionale partnerskapen	Den regionale partnerskapen skal sette fokus på, delta i og legge til rette for klimaomstilling i relevante møteplassar og arenaer for kommunane i fylket.	 Klimatilpassing: M17.1  Klimakunnskap og klimakommunikasjon: M23	Tiltaket inngår i dei ordinære arbeidsoppgåvene til partnerskapen.	<ul style="list-style-type: none"> Forankring i kommunane. 	Kontinuerleg.
Initiativtakar: KS Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune	KS Sogn og Fjordane vil mellom anna skape forankring i kommunane, følgje opp regional plan for klimaomstilling og legge fram relevante forskings- og utviklingsprosjekt for Fylkesstyret.				
Fylkeskommunen vil vere ein arenabyggjar. Erfaringar og resultatata frå «Samhandling for grønt skifte»-prosjektet skal inkluderast i det kommuneretta arbeidet.					
	Etter høyringsinnspel frå kommunane skal klima vere på dagsorden på planleggjarnettverk i våren 2019. Behovet for eit eige klimanettverk skal avklarast med kommunane.				

Tiltak 6: Reduksjon av klimagassutslepp i transportsektoren jamfør RTP

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	Kostnad og finansiering
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Arbeidet med reduksjon av klimagassutslepp i transportsektoren er forankra i Regional Transportplan 2018-2027. Planen vart vedtek desember 2017 og har følgande tiltak knytt til utsleppsreduksjon: <ul style="list-style-type: none"> Fylkesvegferjer (<i>RTP, Handlingsprogram: 5.6.2</i>) <ul style="list-style-type: none"> Utgreiing av moglegheitene for utsleppsreduksjon knytt til fylkesvegferjene. Kollektivtrafikk (<i>RTP, Handlingsprogram: 5.8.2</i>) <ul style="list-style-type: none"> Kompetanseheving i administrasjon. Styrket budsjett. Delta i utviklings-/utprøvningsprosjekt for å prøve ut ny teknologi. Legge til rette for nullutsleppsteknologi i nytt anbod på hurtigbåt. 	 Areal og transport: M7.1, M7.3, M8.1, M8.2, M8.3	Knytt til budsjett for gjennomføring av Regional Transportplan 2018-2027.

	<ul style="list-style-type: none"> Ruteløyve/Drosjeløyve (<i>RTP, Handlingsprogram: 5.10.2</i>) <ul style="list-style-type: none"> Stille hensiktsmessige klima- og miljøkrav til ruteløyve/drosjeløyve. Godstransport (<i>RTP, Handlingsprogram: 7.3.2</i>) <ul style="list-style-type: none"> Tileigne seg meir kunnskap. Nytte gjennomført godsundersøking (<i>Godsundersøkelse Vestlandet 2018</i>) for meir treffsikre tiltak for meir godsoverføring frå veg til sjø. Betre føresetnader for godstransport på sjø ved å støtte ekspansjon av hamneområder i arealplanlegging. Legge til rette for omlastingsstad for modulvogntog på aktuelle stader i fylket. Gjere godstransport på veg meir jamn og effektiv ved utbetring av flaskehalsar. 	Kritiske suksessfaktorar	<ul style="list-style-type: none"> Teknologiutvikling Finansiering
		Start og slutt	2018-2027

Tiltak 7: Klimatilpassing av fylkesvegnettet jamfør RTP

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	 Klimatilpassing: M16.1, M18.4
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Arbeidet med klimatilpassing av fylkesvegenettet er forankra i Regional Transportplan 2018-2027. Planen vart vedtek desember 2017 og har følgande tiltak knytt til klimatilpassing: <ul style="list-style-type: none"> Infrastruktur (<i>RTP, Handlingsprogram: 4.8.2</i>) <ul style="list-style-type: none"> Kartlegge tilstanden på grøfter, drenering, vegutstyr og tekniske anlegg/installasjonar på fylkesvegnettet. Stille krav til god drenering på eksisterande veginfrastruktur for å redusere påverknaden av endra klima. Planlegge nye vegprosjekt med dimensjonar og drenering, som inkluderer gjeldande klimapåslag. 	Kostnad og finansiering	Knytt til budsjett for gjennomføring av Regional Transportplan 2018-2027.
Initiativtakar: Fylkeskommunen ved fylkesdirektør for samferdsle		Kritiske suksessfaktorar	<ul style="list-style-type: none"> Finansiering
		Start og slutt	2018-2027

Tiltak 8: Auke delen kollektivreiser

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	 Areal og transport: M7.2
Sogn og Fjordane fylkeskommune	I områder med potensiale for å auke kollektivreiser skal fylkeskommunen ta initiativ til dialog med kommunane og næringslivet om kva som skal til for å auke tilbodet og bruken av kollektivreiser.	Kostnad og finansiering	 Forbruk: M19
Initiativtakar: Fylkeskommunen	Det er viktig at barn og unge også blir inkludert i dialogen, slik at behova deira for kollektiv blir høyrte.		Tiltaket går inn i dei ordinære arbeidsoppgåvene til fylkeskommunen.

ved fylkesdirektør for samferdsle	Planstaben skal bidra etter behov.	Kritiske suksessfaktorar	• Alle relevante aktørar vert med i samarbeidet.
		Start og slutt	Start av dialog seinast i 2019 – heretter kontinuerleg.

Tiltak 9: Tilskotsordning for etablering av hurtigladestasjonar

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Tilskotsordninga for etablering av hurtigladestasjonar vert oppretthalde. Tilskotsordninga må tilpassast tiltak i Regional transportplan om avklaring av fylkeskommunen si rolle i etablering av hurtigladestasjonar. (RTP, Handlingsprogram: 4.9.2).	Kopling til mål i plandelen	 Areal og transport: M8.1
Initiativtakar: Fylkeskommunen ved plansjefen	Samferdselsavdelinga kan bidra etter behov.	Kostnad og finansiering	Tilskotsordninga er finansiert med restmidlane frå tilskotsordninga for etablering av hurtigladestasjonar for elbilar. Det står att 610.000 kr frå 2017.
		Kritiske suksessfaktorar	<ul style="list-style-type: none"> • Marknadsføring. • Tilskotsordninga må vere tilpassa reglar for bagatellmessig støtte og ENOVA sine støtteordningar.
		Start og slutt	Tilpassing av støtteordninga i 2018. Støtteordninga vert oppretthalde så lenge det er midlar til tildeling.

Tiltak 10: Areal- og samfunnsplanlegging som verktøy for klimaomstilling

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	
Den regionale partnerskapen	Areal- og samfunnsplanlegginga er eit viktige verktøy i klimaomstillingsarbeidet. Tidleg tverrfagleg involvering i planprosessane er naudsynt for å sikra å klimaperspektivet vert integrert i alt planarbeid.	Kopling til mål i plandelen	 Energiforsyning: M1.1, M2.1
Initiativtakar: Fylkeskommune ved plansjefen og Fylkesmannen	Fylkesmannen og fylkeskommune har eit felles ansvar for rettleiing på planområdet og gir fråsegn til planlegginga i kommunane. Fylkeskommunen har ansvar for regionale planprosessar.		 Energibruk i bygg: M5.1
	Eksisterande rutinar må vidareutviklast og tilpassast for å samordne fagavdelingane sine høyringssvar knytt til klimaomstilling.		 Areal og transport: Temamål, M6.1, M6.2, M9.1
			 Næringsliv og teknologi: M11.2

	Møter i planforum kan bidra til gjensidig informasjon, drøfting og avklaring av planspørsmål knytt til klimaomstilling. Planforum er ein viktig arena der fylkeskommunen og andre regionale aktørar kan støtte kommunane i deira klimaarbeid.		Klimavenleg landbruk: M14.1	
				Klimatilpassing: M17.1, M18.2
				Klimakunnskap og klimakommunikasjon: M23.2, M23.4
		Kostnad og finansiering	Tiltaket går inn i dei ordinære arbeidsoppgåvene til partnerskapen.	
Kritiske suksessfaktorar	<ul style="list-style-type: none"> God rutine for samarbeid. 			
Start og slutt	Kontinuerleg.			

Tiltak 11: Rettleiing og oppfølging av ROS-analyser i kommunal arealplanlegging

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Ved planlegging som omfattar ny utbygging, skal analysar av risiko og sårbarheit omfatte vurderingar av konsekvensane av klimaendringar.		Areal og transport: M9.1
Initiativtakar: Fylkesmannen	Gjennom rettleiing og oppfølging av kommunal arealplanlegging, skal Fylkesmannen sjå til at ROS-analyser omfattar vurderingar av konsekvensane av klimaendringar. I høyringssvara til kommunale planar skal fylkesmannen følgje opp tiltaka i statlege planrettingslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing i kommunane.		
		Kostnad og finansiering	Tiltaket går inn i dei ordinære arbeidsoppgåvene til Fylkesmannen.
		Kritiske suksessfaktorar	
		Start og slutt	Kontinuerleg.

Tiltak 12: Rettleiing og tilsyn med kommunane si oppfølging av beredskapsplikta

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Kommunane skal analysere risiko og sårbarheit for uønskte naturhendingar i eksisterande busetnad og infrastruktur. Auka fare som følgje av klimaendringar skal ha særleg merksemd.		Klimatilpassing: M16.2, M17.1, M17.3
Initiativtakar: Fylkesmannen	Fylkesmannen driv rettleiing og tilsyn med kommunane si oppfølging av beredskapsplikta, jamfør sivilbeskyttelsesloven. Fylkesmannen skal bidra til at analyse av fare i allereie utbygde område er ein		
		Kritiske suksessfaktorar	

prioritert del av i arbeidet med heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysar.	Start og slutt	Kontinuerleg.
---	-----------------------	---------------

Tiltak 13: Klimakommunikasjonsstrategi

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	Kostnad og finansiering
Den regionale partnerskapen	<p>Sogn og Fjordane er ein føregangsaktør når det gjeld å kommunisere klimaomstilling. Ved å trekke fram gode klimavenlege prosjekt og døme skal klimakommunikasjonen bidra til å inspirere, dele kunnskap, styrke fylket, partnerskapen og fylkeskommunen sitt omdøme.</p> <p>Nyhendesak knytt til klima kan delast:</p> <ul style="list-style-type: none"> • På intranett og/eller nettsida til eigen organisasjon. • Ved utsending av pressemelding. • Ved å ta kontakt med og informere media og lokalavis om gode prosjekt og døme. • På dei sosiale media. 	 <p>Energibruk i bygg: M4.1</p> <p>Klimatilpassing: M17.1</p> <p>Klimakunnskap og klimakommunikasjon: M23.3</p>	Tiltaket går inn i dei ordinære arbeidsoppgåvene til den regionale partnerskapen.
Initiativtakar: Fylkeskommune ved plansjefen	I 2018 skal det opprettast ei Facebook-side for å dele informasjon og nyhende knytt til klimaomstilling i Sogn og Fjordane. Sida vert drifta i samarbeid med dei andre regionale aktørane.	Kritiske suksessfaktorar	At det i alle saker blir vurdert behov og muligheter for å gje intern og ekstern informasjon.
Initiativtakar: Fylkeskommune ved plansjefen og intern tverrfagleg klimagruppe	<p><u>Klimakommunikasjonsstrategi i fylkeskommunen</u></p> <p>Fylkeskommunen sin klimakommunikasjon skal følgje fylkeskommunen sin informasjonsplan. Alle tilsette i fylkeskommunen har eit sjølvstendig ansvar for å vurdere informasjonsbehovet i arbeidet sitt. I alle saker som er under handsaming skal ein vurdere behovet for å gje ekstern informasjon. Dette kan vere eit tema på kvar avdeling sitt kontormøte, og møte i tverrfagleg klimagruppe.</p> <p>Informasjonsplanen har retningslinjer for bruk av sosiale media og kontakt med media. Nettsida til fylkeskommunen er for saker der fylkeskommunen sjølv har ei rolle. Utsending av pressemelding skal gå via informasjonsavdelinga. Informasjonsavdelinga kan hjelpe med publisering når fagavdelingane bidreg med bilde, informasjon og utkast til tekst.</p>	Start og slutt	Kontinuerleg.

Tiltak 14: Etablering av Klima- og miljøpris

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Klima- og miljøprisen skal vere til heider for einskildpersonar, lag, organisasjonar og verksemder som har utmerka seg innafor klima- og miljøvernarbeid i året som gjekk. Prisen femner breitt.		 Klimakunnskap og klimakommunikasjon: M23
Initiativtakar: Fylkeskommunen ved plansjefen	Føremålet med prisen er å inspirere og hjelpe fram klima- og miljøarbeidet i fylket. Prisen kan gjevast til personar, verksemder, lag og organisasjonar som: <ul style="list-style-type: none"> • høyrer heime i fylket. • viser evne og vilje til å yte aktiv klimainnsats utover det vanlege. • har talent, viser kreativitet og evne til nyskaping. <p>Søknad og handsaming: Fylkesutvalet avgjer om prisen skal delast ut og kven som skal få den. Ei innstillingsnemnd utpeika av planutvalet vurderer og innstiller kandidat(ar). Ein representant frå Ungdoms politisk utval skal inviterast inn i innstillingsnemnda, og «ungdommens støtte» må tass med i vurderinga.</p> <p>Utdelinga skjer i samband med ei fylkestingsamling kvart år. Grunngevinga frå fylkesutvalet vert lagt fram av leiaren i utvalet, medan fylkesordføraren står for sjølve utdelinga. Frist for grunngeve innspel til aktuelle kandidatar er 1. november kvart år.</p>	Kostnad og finansiering	Prisen er finansiert med 50 000 kr frå klimabudsjettet.
		Kritiske suksessfaktorar	<ul style="list-style-type: none"> • God marknadsføring av prisen, slik at ein får gode kandidatar. • Tidsmessig vurdering av aktuelle kandidatar slik at utdelinga kan skje i samband med ei fylkestingsamling.
		Start og slutt	Årlig hending - lansere ordninga 1. august 2018.

Tiltak 15: Tilskotsordning til klima- og miljøtiltak

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Tiltaket er ei vidareføring av eksisterande tilskotsordning klima og miljø. Tilskotsordninga skal fremje initiativ til handling for klimaomstilling og berekraftig utvikling av fylket. Ordninga omfattar prosjekt og tiltak innanfor klima og miljø. Konkrete, handlingsretta tiltak, haldningsskapande arbeid og klimatiltak i kommunar vert prioritert.		 Areal og transport: M9.2
Initiativtakar: Fylkeskommunen ved plansjefen	Støtteordninga er open for ulike typar prosjekt og tiltak som støtter opp om målsettingane i regional plan for klimaomstilling. Kriterier for tildeling må kontinuerleg oppdaterast knytt utlysning. Neste søknadsfrist er 15. august 2018.		 Klimavenleg landbruk: M13.7
			 Klimatilpassing: M17.1
			 Forbruk: M19.2

	Dersom tilskotsordninga vert styrka ved budsjettvedtak vert det utarbeidet retningslinjer for støtte til el-syklar. Retningslinjer for støtteordning må utarbeidast, med utgangspunkt i erfaringar frå til dømes Oslo kommune.		 Klimakunnskap og klimakommunikasjon: M23.1	
			Kostnad og finansiering	Tiltaket er i utgangspunktet finansiert med 200.000 kr årleg frå klimabudsjettet. Fylkesrådet tilrår denne tilskotsordninga vert ytterlegare styrket gjennom budsjettvedtak i fylkeskommunen for 2018 og 2019.
			Kritiske suksessfaktorar	<ul style="list-style-type: none"> Marknadsføring av tilskotsordninga
			Start og slutt	Det er lagt opp til fire søknadsfristar gjennom året.

Tiltak 16: Oppdragsbrev til Innovasjon Norge

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Nærings- og kulturavdelinga tek initiativ til eit årleg møte med Innovasjon Norge om innhald i oppdragsbrev og korleis bedriftsretta støtte i større grad kan bidra til grøn innovasjon, utsleppsreduksjon og klimaomstilling. Dialogen skal gi fagleg utveksling mellom fylkeskommunen og Innovasjon Norge, og det skal vurderast behov og muligheiter for å endre i krava i oppdragsbrev/bestillingsbrev.	 Næringsliv og teknologi: M12.1, 12.3	
Initiativtaker: Fylkeskommunen ved fylkesdirektør for næring og kultur		Kostnad og finansiering	Tiltaket går inn i dei ordinære arbeidsoppgåvene til fylkeskommunen.
		Kritiske suksessfaktorar	
		Start og slutt	Start 2018 - heretter årleg.

Tiltak 17: Regionale tilskotsordningar

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	I samband med tildeling av regionale tilskotsordningar (t.d. regional utviklingsmidlar og spelemidlar) skal miljøprofil og evne til klimaomstilling, når det er relevant, vektleggast i vurderinga. Til dømes transportbehov, klimatilpassing, klimavenleg materialval, drift, miljøprofil og evne til klimaomstilling.	 Næringsliv og teknologi: M12.1, 12.3	
Initiativtaker: Fylkeskommunen	Det skal arbeidast vidare med utvikling av målbare kriterier for dette og oppfølging i tildelingsbrev.	Kostnad og finansiering	Tiltaket går inn i dei ordinære arbeidsoppgåvene til fylkeskommunen.
		Kritiske suksessfaktorar	
		Start og slutt	Kontinuerleg

Tiltak 18: Samarbeidsavtaler med lag og organisasjonar

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Gjennom samarbeidsavtaler med lag og organisasjonar er fylkeskommunen med på å støtte lag og organisasjonar som jobbar med temaet klima og miljø. Formålet er å avgrense enkeltløyvingar og heller sikre kontinuitet i arbeidet med å fremje lokalt engasjement for miljø, klima og natur i fylket.		 Forbruk: M19.2
Initiativtakar: Lag og organisasjonar	Fylkeskommunen inngjekk i 2017 ein 3 årleg samarbeidsavtale med Sogn og Fjordane 4H og United World Collage RCN. Det vert jobba med å få på plass ein avtale med Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) og Naturvernforbundet. Fylkeskommunen ønskjer i framtida å sjå heilskapleg på tilskotsforvaltninga, med god koordinering på tvers av avdelingar.		 Klimakunnskap og klimakommunikasjon: M23.1
		Kostnad og finansiering	Tiltaket er finansiert med 450.000 kr frå klimabudsjettet, samt med midlar frå nærings- og kulturavdelinga.
		Kritiske suksessfaktorar	<ul style="list-style-type: none"> • Gode samarbeidsavtalar knytt til innhald og gjensidige forpliktingar.
		Start og slutt	2017-2019

Tiltak 19: 2°C-magasinet

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeskommunen bidreg med finansiering av 2°C-magasinet. Det er eit magasin og ein klimadugnad, som har som mål å formidle oppdatert og truverdig kunnskap om klimaendringar og utvikling innan fornybar energi.		 Forbruk: M19.2
Initiativtakar: Fylkeskommunen ved plansjefen	Fylkeskommunen formidlar magasinet til alle dei vidaregåande skulane våre, tannklinikkane, sentraladministrasjonen, kommunane, samarbeidspartnerar og dei politisk valde i fylkestinget. Sosiale medium skal nyttast til å spreie informasjon om magasinet, for mest effektivt å nå ungdommen.		 Klimakunnskap og klimakommunikasjon: M23.1, M23.4
		Kostnad og finansiering	Tiltaket er finansiert med 20.000 kr frå klimabudsjettet.
		Kritiske suksessfaktorar	<ul style="list-style-type: none"> • God marknadsføring og distribusjon til aktuelle aktørar.
		Start og slutt	Magasinet kjem ut ein gong i året.

Tiltak 20: Klimastipend og tilskot til masteroppgåver

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Formålet er å stimulere til etter- og vidareutdanning, samt ny kompetanse innan klima, energi og miljø, og på denne måten: <ul style="list-style-type: none"> • auke kompetansen knytt til klimaomstilling, klimakunnskap og utvikling av betre klimatiltak. • prioritere tema som er av særleg relevans for Vestlandet i masteroppgåver. • skal lærarar få ny kompetanse til å utvikle eigne utdanningsopplegg med klima og berekraftig utvikling som tema. • skal planleggarar i kommunane utvikle sin kompetanse til å jobbe med klimaomstilling og klimatilpassing i kommunal planlegging. <p>Målgruppe: masterstudentar, lærarar og planleggarar. Klimastipend 5.000 kr per person eller per masteroppgåve.</p>		Klimakunnskap og klimakommunikasjon: M22.1, M22.3, M23.1
Initiativtakar: Fylkeskommunen ved plansjefen		Kostnad og finansiering	Tiltaket er finansiert med 100.000 kr frå klimabudsjettet.
		Kritiske suksessfaktorar	<ul style="list-style-type: none"> • God marknadsføring av tilskotsordninga. • Kontakt med forskingsinstitusjonar og utval av studentar.
		Start og slutt	Start i 2018 - heretter årleg.

Tiltak 21: Biblioteka som pådrivar for ein grønare kvardag

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Biblioteket er ein viktig uavhengig, sosial møteplass og lokal arena for debatt og meningsutveksling.		Klimakunnskap og klimakommunikasjon: M23.1
Initiativtakar: Fylkesbiblioteket	Med tilskot frå klimabudsjettet er det mogleg å initiere ei rekke tiltak i biblioteka, som t.d. utstilling, arrangement og debattar. Målet er å medverke til at innbyggjarar i alle delar av fylket gjer fleire miljø- og klimavenlige val.	Kostnad og finansiering	Tiltaket er finansiert med 30.000 kr frå fylkesbiblioteket sitt budsjett og med 80.000 kr frå klimabudsjettet. Personalressursar i biblioteket er ikkje medrekna.
	Ambisjonsnivå: Alle biblioteka skal få tilbod om utstilling, føredrag og eit debattopplegg hausten 2019.	Kritiske suksessfaktorar	<ul style="list-style-type: none"> • Tilboda må vere klare tidleg slik at biblioteka får informasjon med i haustprogramma sine. • Samarbeid med gode aktørar som kan bidra med innhald i tiltaka.
		Start og slutt	Del i haustprogramma 2019.

Tiltak 22: Den kulturelle skulesekken med klimaperspektiv

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Som del av den kulturelle skulesekken skal ein sjå på moglegheita for å utvikle ein ny produksjon med klima som tema. Firda VGS er aktuell samarbeidsaktør, for å få til eit tettare samarbeid mellom klimakunnskap og kultur.		Klimakunnskap og klimakommunikasjon: M22.1
Initiativtakar: Fylkeskommunen ved fylkesdirektør for næring og kultur	<p>Tematikken knytt til klima og berekraft er ikkje eit satsingsområde for den kulturelle skulesekken, men inngår i tre produksjonar i komande skuleår. Desse produksjonane går til alle barn i fylket i løpet av tre år:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Freseskyflyet. 5.-7.steg • Dans vêret. Bygd på boka «Når det regner i Afrika» 1.-4.steg • Verken fugl eller fisk. 5.-7.steg. <p>For kvar av dei tre produksjonane skal fylkeskommunen på si nettside publisere ei nyhendesak. Formålet er å vise fram og inspirere til korleis ein kan bruke kultur som verkemiddel for å kommunisere og diskutere klima og miljø.</p> <p>Informasjonsarbeidet følger klimakommunikasjonsstrategien i tiltak 13.</p>	Kostnad og finansiering	<p>Tiltaket går inn i dei ordinære arbeidsoppgåver til fylkeskommunen.</p> <p>Kostnaden på ein ny klimaproduksjon vil avhenge av typen produksjon, men vil ligge mellom 200.000 kr og 700.000 kr. Finansiering av ein ny klimaproduksjon kan delfinansierast med intill 100.000 kr i tilskot frå klimabudsjettet.</p>
		Kritiske suksessfaktorar	<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeid med relevant fagmiljø. • At medarbeidarane i fylkeskommunen i alle saker vurderer behovet og mulighetene for å gje intern og ekstern informasjon.
		Start og slutt	2018-2019.

Tiltak 23: Klimaspel/klimameisterskap i den vidaregåande skulen

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Gjennomføre klimaspelet HOPE eller klimameisterskap i alle vidaregåande skular i fylket.		Forbruk: M19.1
Initiativtakar: Fylkeskommunen ved fylkesdirektør for opplæring og plansjefen	Føremål er å auke kunnskap blant ungdom om klima og berekraft, forbruk og klimagassutslepp.	Kostnad og finansiering	Tiltaket er finansiert med 200.000 kr frå klimabudsjettet.
		Kritiske suksessfaktorar	<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeid med opplæringsavdeling og dei vidaregåande skular om gjennomføring.
		Start og slutt	Gjennomførast haust 2018.

Tiltak 24: Berekraftig utvikling som del av dei nye læreplanane

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	<i>Berekraftig utvikling</i> er eit av tre tverrfaglege kjerneelement i den overordna del av læreplanen. Kjerneelementa skal danne grunnlaget for innhaldet i læreplanane og bidra til at elevane over tid utviklar forståing av innhald og samanhengar i faget.		 Klimakunnskap og klimakommunikasjon: M22.1, M22.3, M23.4
Initiativtakar: Fylkeskommunen ved fylkesdirektør for opplæring	<p>Dei nye læreplanane skal innførast i 2020. Opplæringsavdelinga bidreg frå 2018-2020 i arbeidet med å utvikle kjerneelementet berekraftig utvikling inn i dei nye læreplanane gjennom prosesser på skulane og mellom skulane i fylket. Målet er at kvar skule utviklar tverrfaglege opplegg for berekraftig utvikling med klima i fokus.</p> <p>I arbeidet med fylkeskommunen sin plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring skal ein vurdere lærarane sitt behov for ny klimakunnskap og kompetanse til å følgje opp det overordna målet i lærarplanen om berekraftig utvikling.</p>	Kostnad og finansiering	Tiltaket går inn i dei ordinære arbeidsoppgåvene til fylkeskommunen.
		Kritiske suksessfaktorar	<ul style="list-style-type: none"> Lærarane sin kompetanse og klimakunnskap.
		Start og slutt	2018-2020.

Tiltak 25: Konferanse om utdanning for berekraftig utvikling

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Formålet med konferansen er å auke kunnskapen om utdanning for berekraftig utvikling og det grønne skiftet i heile utdanningsløpet. Konferansen skal auke kunnskapen om korleis ein kan formidle klima- og miljøspørsmål på ein såleis måte at det fører til handling gjennom innovasjon og nytenking. Vidare vil konferansen sette fokus på kva det vil bety for faga i skulen at berekraftig utvikling i framtida skal vere eit kjerneelement i dei nye læreplanane.		 Klimakunnskap og klimakommunikasjon: M22.1, M22.2, M22.3, M23.1, M23.4
Initiativtakar: Firda vidaregåande skule	<p>Konferansen tek utgangspunkt i erfaringane frå Grøn skule prosjektet og læreplanen for klima/miljø fag 1 og 2 som er utarbeidd ved på Firda VGS.</p> <p>Målgruppa for konferansen er personar som arbeider i skule og barnehage, skuleleiarar, skuleeigarar og andre som er interessert i temaet.</p> <p>UWC er aktuell aktør å inviterer inn i arbeidet i samband med gjeldande samarbeidsavtale mellom UCW og FK. Opplæringsavdelinga og planstaben bidreg etter behov.</p>	Kostnad og finansiering	Firda vidaregåande skule har ansvar for kostnad og finansiering Tiltaket er delfinansiert med 20.000 kr frå klimabudsjettet
		Kritiske suksessfaktorar	<ul style="list-style-type: none"> Samarbeid med opplæringsavdeling Marknadsføring
		Start og slutt	Konferanse i hausten 2018.

Tiltak 26: Energiportalen

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Lisens til Energiportalen vert kjøpt inn til alle husstandar i fylket. Alle eigarar av bygg skal i 2019 få skriftlig informasjon om ENOVA sine støtteordningar og bruk av energiportalen.	 Energibruk i bygg: M4.1  Forbruk: M19  Klimakunnskap og klimakommunikasjon: M23.1	
Initiativtakar: Fylkeskommunen ved plansjefen			
		Kostnad og finansiering	Tiltaket er finansierast med 200.000 kr per år frå klimabudsjettet.
		Kritiske suksessfaktorar	<ul style="list-style-type: none"> • God marknadsføring av tilbodet. • Forankring i kommunane.
		Start og slutt	2019.

Tiltak 27: Hindre spreing av gummigranulat frå kunstgrasbaner

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Føremålet er å hindre at gummigranulat frå kunstgrasbanene i fylket vert spreidd i naturen. I samarbeid med Ulefos AS og Sogn og Fjordane fotballkrins vil fylkeskommunen gjere eit forsøk på å leggje ned granulatfangarar i avrenningskummane rundt kunstgrasbanene i fylket. Med slike granulatfangarar vil ein kunne fange opp store delar av granulatet som renn vekk med overflatevatn.	 Forbruk: M19.2, M20.2, M20.3, M21, M21.2	
Initiativtakar: Fylkeskommunen ved fylkesdirektør for næring og kultur	Gjennom dette samarbeidet vil vi også utgreie mogelegheitene for å lage oppsamlingsplassar for snø (snødeponi) der baneegjarane kan samle opp snø som vert brøytta av banene, for å kunne fange opp gummigranulatet som vert med snøen når ein brøytrar.		
	Det skal også arbeidast med å forbetre vedlikehalds- og driftsrutinar ved kunstgrasbaner, spesielt med tanke på djuprensing av banene. Det skal utgreiast om det er mogeleg å starte eit samarbeid mellom anleggseigarane i fylket, koordinert av fylkeskommunen, med økonomisk stønad frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Sparebanken Vest.		
		Kostnad og finansiering	Kostnad for å setje ut granulatfangarar på alle kunstgrasbaner vil vere om lag 2.000.000 kr. Det vert arbeida med å få finansiering frå ulike lokale stiftingar.
			Utgreiing av snødeponi og arbeid med vedlikehalds- og driftsrutinar vil gå inn i dei ordinære arbeidsoppgåvene til fylkeskommunen.
		Kritiske suksessfaktorar	<ul style="list-style-type: none"> • Finansiering. • At fylkeskommunen driftar og koordinerer arbeidet.
		Start og slutt	2018-2019.

Tiltak 28: Klimatilpassing og utsleppsreduksjon som del av mandatet til programstyra for frukt og grønt, grovfôr og husdyrhold samt skog og tømmer

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	Klimavenleg landbruk: M13.2, M15.1
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune	I regi av Verdiskapingsplanen eksisterer i dag programstyre knytt til frukt og grønt, arbeidsgruppe knytt til grovfôr, og ei arbeidsgruppe for skog og tømmer skal etablerast som del av Grøn FoU Vest.		
Initiativtakar: Fylkesmannen ved landbruksavdelinga og fylkeskommune ved fylkesdirektør for næring og kultur	Fylkesmannen og fylkeskommune skal jobbe for å utvide programstyre-modellen til å inkludere eksisterande grupper for grovfôr samt skog og tømmer. Programstyra skal vere forankra i fag, jobbe på tvers av aktørar i verdikjeda og sette seg felles mål og tiltak. Det skal arbeidast for at programstyret for grovfôr blir utvida til grovfôr og husdyrhold. Programstyra sitt mandat skal inkludere at: <ul style="list-style-type: none"> • programstyra samordnar arbeidet med klimatilpassing og utsleppsreduksjon. • Programstyra tek initiativ til samarbeid med forskingsmiljø for å initiere forskingsprosjekt. • Programstyra skal formidle og spreie kunnskap 	Kostnad og finansiering	Eksisterande programstyre for frukt og grønt er eit spleiselag mellom fylkeskommunen og fylkesmannen. Finansieringsbehov av to nye programstyra og utvida mandat må kartleggast.
		Kritiske suksessfaktorar	<ul style="list-style-type: none"> • Finansiering til sekretær. • Sekretær som koordinerer arbeidet og sikrar framdrift.
		Start og slutt	Start 2019.

Tiltak 29: Utvikling og formidling av kunnskap om klimaomstilling av landbruket

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	Klimavenleg landbruk: M13.1, M13.3, M13.4, M13.5, M13.6
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeskommunen og fylkesmannen skal bidra til å utvikle ny kunnskap innan landbruk og formidle kunnskap til bønder.		
Initiativtakar: Fylkesmannen ved landbruksavdelinga og fylkeskommune ved fylkesdirektør for opplæring	Fylkesmannen har ansvar for rådgjeving, fagsamlingar og nettverk og set gjennom dette fokus på korleis ein kan redusere klimagassutslepp frå primærnæringa og tilpasse produksjonen til klimaendringane. Fylkeskommunen har ansvar for kunnskapsutvikling og formidling gjennom eigarskap av fagskular og Vaksenagronomen.	Kostnad og finansiering	Tiltaket går inn i dei ordinære arbeidsoppgåvene til fylkeskommunen og Fylkesmannen. Kurs og etterutdanning av bønder vert finansiert med midlar frå landbruksdepartementet.
		Kritiske suksessfaktorar	
		Start og slutt	Kontinuerleg.

Tiltak 30: Prosjekt om lokale utfordringar knytt til klimaomstilling i landbruket

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Ambisjonen er at ein årleg utformar søknader til regionale og sentrale forskingsmidlar for å finansiere prosjekt om lokale utfordringar knytt til klimaomstilling i landbruket.		 Klimavenleg landbruk: M13.1, M13.3, M13.4, M13.6, M15.2
Initiativtakar: Fylkesmannen ved landbruksavdelinga	Det vert jobba for å: <ul style="list-style-type: none"> gjennomføre ein pilotstudie av det nasjonale prosjektet «Klimasmart landbruk på gardsnivå» ved ei gardsdrift i Sogn og Fjordane. gjennomføre ein pilotstudie med klimarekneskap på gardsnivå i Sogn og Fjordane. Gjennomføre prosjekt «Intensiv grovfôrrådgjeving» med formål om å auke lokal produksjon av gras til husdyra. Gjennomføre «Mobiliseringsprosjektet» med formål om å auke fruktproduksjonen. 	Kostnad og finansiering	Tiltaket går inn i dei ordinære arbeidsoppgåvene til Fylkesmannen, og eventuelle prosjekt vert (del)finansiert av eksterne forskingsmidlar.
		Kritiske suksessfaktorar	
		Start og slutt	Kontinuerleg.

Tiltak 31: Tverrfaglig klimagruppe i fylkeskommunen

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeskommunen si interne tverrfaglege klimagruppe, med representantar frå dei ulike avdelingane, skal vidareførast.		 Forbruk: M20.1, M20.2, M20.3
Initiativtakar: Fylkeskommunen ved plansjefen	Forventningar til gruppa er: <ul style="list-style-type: none"> Oppfølging av Regional plan for klimaomstilling. Vere fagleg ressursgruppe og yte rettleiing på klimaspørsmål i eiga verksemd. <ul style="list-style-type: none"> Ressursgruppe knytt til grønne innkjøp, tiltak nr 32. Eit internt møtepunkt for erfarings- og kunnskapsdeling knytt til klimaarbeidet i fylkeskommunen si eiga verksemd. Koordinering av klimaarbeidet i fylkeskommunen. Kartlegge kompetanse knytt til klimaomstilling i eiga verksemd. 	Kostnad og finansiering	Tiltaket går inn i dei ordinære arbeidsoppgåver til fylkeskommunen.
		Kritiske suksessfaktorar	<ul style="list-style-type: none"> Mandat og tidsressursar til å planlegge og gjennomføre prosessane. Gruppa er samansett av personar med riktig kompetanse og engasjement.
		Start og slutt	Kontinuerleg.

Tiltak 32: Danne tverrfaglig ressursgruppe knytt til grønne innkjøp

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Ressursgruppa skal mellom anna: <ul style="list-style-type: none"> • Kartleggje i kva grad fylkeskommunen kan gjere strategiske og innovative prosessar ved innkjøp for å støtte opp om næringslivet si utvikling av ny teknologi innan det grønne skiftet. • Kartleggje kva innkjøpsområde der det er ønskeleg med strategiske og innovative innkjøpsprosessar. • Kartleggje kva innkjøpsområde det kommande året det vil vere fornuftig å stille spesifikke miljøkrav. Kriterier for val av innkjøpsområde kan vere verdi, potensiale for utsleppsreduksjon, tilgjenge av løysingar i marknaden mm. • Bidra med kunnskap og erfaring om desse spesifikke miljøkrava. • Dele kunnskap og erfaring mellom samferdsleavdeling, nærings- og kultur og bygg og eigedomsavdelings og innkjøpstenesta. <p>Ressursgruppa og den interne tverrfaglige klimagruppa i fylkeskommunen, jamfør tiltak nr. 31 er ein og same gruppe. Etter behov kan ressursgruppa bestå av eit utval enkeltpersoner frå intern tverrfagleg klimagruppe.</p>	Kopling til mål i plandelen	 Areal og transport: M8.2  Næringsliv og teknologi: M11.3  Forbruk: M20.2, M20.3  Klimakunnskap og klimakommunikasjon: M23.4
Initiativtakar: Fylkeskommunen ved innkjøpstenesta		Kostnad og finansiering	Tiltaket går inn i dei ordinære arbeidsoppgåvene til fylkeskommunen.
		Kritiske suksessfaktorar	<ul style="list-style-type: none"> • Rette medlemmer i gruppa.
		Start og slutt	Start haust 2018 – heretter kontinuerleg.

Tiltak 33: Kvalitetssystem for gjennomføring av anbodskonkurransar for byggeprosjekt

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Bygg og eigedomsavdelinga skal vidareutvikle rutine sine og kunnskapen sin knytt til gjennomføring av anbodskonkurransar. Eit kvalitetssystem skal sikre at energiforbruk og klimagassutslepp skal vere del av evalueringsgrunnlaget ved utlysing av anbod om byggeprosjekt.	Kopling til mål i plandelen	 Energibruk i bygg: M4.2, M4.3, M4.5, M5.2, M5.3  Klimakunnskap og klimakommunikasjon: M23.4
Initiativtakar: Fylkeskommunen ved bygge- og eigedomssjefen		Kostnad og finansiering	Tiltaket går inn i dei ordinære arbeidsoppgåvene til fylkeskommunen.
		Kritiske suksessfaktorar	<ul style="list-style-type: none"> • Nødvendig kompetanse i eiga verksemd.
		Start og slutt	Kontinuerleg.

Tiltak 34: Energioppfølgingsystem og sentral driftskontroll

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Etablering og dagleg bruk av energioppfølgingsystem og sentral driftskontroll i alle fylkeskommunale bygg for å effektivisere der det er mest trong for effektivisering.		Energibruk i bygg: M4.3, M4.4
Initiativtakar: Fylkeskommunen ved bygge- og eigedomssjefen		Kostnad og finansiering	Tiltaket går inn i dei ordinære arbeidsoppgåvene til fylkeskommunen.
		Kritiske suksessfaktorar	• Nødvendig kompetanse i eiga verksemd.
		Start og slutt	Kontinuerleg.

Tiltak 35: Miljøfyrtårn-sertifisering og Klimaregnskap for fylkeskommunal verksemd

Ansvar	Innhald	Kopling til mål i plandelen	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeskommunen skal ha offentlig tilgjengeleg oversikt over klimagassutslepp frå eiga verksemd. Oversikta skal gjere det mulig å følgje opp reduksjon av CO2-utslepp frå eiga verksemd. Vidare skal oversikta understøtte arbeidet med rapportering og Miljøfyrtårn-sertifisering.		Forbruk: M20.1
Initiativtakar: Fylkeskommunen ved plansjefen	Regional plan for klimaomstilling skal ligge til grunn for det interne klimaarbeidet i eiga verksemd og det handlingsprogram og tiltak som årleg vert rapportert inn til Miljøfyrtårnet.	Kostnad og finansiering	Sertifiseringsavgift for sentraladministrasjonen i Leikanger og Førde er finansiert av driftsbudsjettet til fylkeskommunen. Kvar vidaregåande skule finansierer eiga sertifiseringsavgift. Det er budsjettert med 200.000 kr frå klimabudsjettet til klimakostanalyse.
	I samarbeid med Hordaland fylkeskommune skal det kartleggast korleis ein ny felles organisasjon best organiserer arbeidet med oversikt over klimagassutslepp frå fylkeskommunal verksemd og rapportering til Miljøfyrtårn-sertifiseringa. Fylkeskommunen tilpassar praksis til funna i denne kartlegginga. Fylkeskommunen skal vurdere behovet for å bestille ein klimakostanalyse med komplett oversikt over fylkeskommunen (og kommunane) sitt klimafotavtrykket. Driftstenesta har i dag ansvar for rapportering til Miljøfyrtårnet og bidra etter behov.	Kritiske suksessfaktorar	• Oppfølging i alle avdelingar, einingar og i leiinga. • Koordinering av klimaarbeidet i fylkeskommunen. • Systematisk dokumentasjon av forbruk og aktivitet i eiga verksemd.
		Start og slutt	Start 2018 – heretter kontinuerleg.

Tiltak 36: Forskings- og utviklingsstrategi

Ansvar	Innhald		
Sogn og Fjordane fylkeskommune Initiativtakar: Fylkeskommunen ved plansjefen	Fylkeskommunen har målretta og strategisk involvering i FOU-prosjekt såleis at tilgjengelege ressursar vert prioritert i tråd med satsingsområda i regionale planar. Involvering i FOU-prosjekt knytt til klima må vere i tråd med mål i Regional plan for klimaomstilling. FoU-prosjekt knytt til klima er ofte relatert til andre fagområder. Det er difor behov for intern samordning i fylkeskommunen.	Kopling til mål i plandelen	 Areal og transport: M8.2, M8.3  Næringsliv og teknologi: M12.4  Klimavenleg landbruk: M15.1  Klimatilpassing: M17.1  Klimakunnskap og klimakommunikasjon: M23.4
		Kostnad og finansiering	Det er ikkje budsjettert med midlar til nye FoU-prosjekt i 2018 og 2019 frå klimabudsjettet. Det pågåande prosjektet «Samhandling for Grønt skifte», er finansiert med midlar frå klimabudsjettet i 2016-2018. (200.000 kr i 2018).
		Kritiske suksessfaktorar	<ul style="list-style-type: none"> • Gode rutinar for tildeling av midlar.
		Start og slutt	Kontinuerleg.

Tiltak 37: Biostrategi

Ansvar	Innhold	Kopling til mål i plandelen		Energiforsyning: M2.1
<p>Sogn og Fjordane fylkeskommune</p> <p>Initiativtakar: Fylkeskommunen ved fylkesdirektør for næring og kultur</p>	<p>Fylkeskommunen skal arbeide med ein biostrategi der naturgjevne tilhøva vert vurdert utnytta til å skape ei kompetansekyngje og eit biogassanlegg basert på husdyrgjødsel og anna organisk avfall.</p> <p>I Stortinget sin handsaminga av Avfallsmeldinga var det tek til orde for auka bruk av biogass til transport. Med E39 som går gjennom dei største landbrukskommunane i fylket, og m.a. Tine sitt meieri på Breim med stort transportbehov, ligg det naturleg til rette for å utvikle eit samarbeid rundt biogass i fylket.</p>			Næringsliv og teknologi: M11.1, M11.2, M12.3, M12.4
		Klimavenleg landbruk: M13, M15		
				2018-2021

3. Oppfølging av Regional plan for klimaomstilling

Oppfølging av Regional plan for klimaomstilling er knytt til resultatmåla i plandelen og tiltaka i handlingsprogrammet.

For kvart tiltak i handlingsprogrammet er det skrive kven som har det overordna ansvar og kven som er initiativtakar. Begge partar har ansvar for rapportering inn i arbeidet med oppfølging av planen.

Oppfølging av Regional plan for klimaomstilling skal utføres i samsvar med og forlenging av eksisteranse rapportering på Fylkesdelplan for klima og miljø 2009. Slik fylket har ein samla oversikt over gjennomførte og igangsette klimatiltak dokumentert over tid.

Det skal kontinuerleg informerast om oppfølgingsarbeidet av Regional plan for klimaomstilling på fylkeskommunens sine nettsider. I tillegg skal status presenterast i ein årleg rapportering i samband med fylkeskommunens sin årsrapport.

Styringsgruppa for regionalt klimasamarbeid har ansvar for den generelle oppfølginga av planen. Planstaben har den koordinerande rollen for oppfølging i fylkeskommunen gjennom den interne tverrfaglige klimagruppa.

Handlingsprogrammet er gjeldande for 2018 og 2019. Det er trong for ei revidering av handlingsprogrammet for 2020 og 2021, og i samband med at Sogn og Fjordane og Hordaland er blitt eitt fylke.

4. Vedlegg

4.1 Andre relevante tiltak for kommunane

I Regional plan for klimaomstilling er det ingen prioriterte tiltak som kommunane er ansvarleg for. Når kommunane innarbeider klima i kommuneplanar eller i kommunedelplanar, bør dei ta utgangspunkt i måla og tiltaka i Regional plan for klimaomstilling og tilpasse desse til sin kontekst.

I tillegg følgjer under ei liste over tiltak som er retta spesifikt mot kommunal verksemd, som kan vere relevante for kommunane. Tiltaka er ikkje ei prioritert liste og er vidareført frå Fylkesdelplan for klima og miljø 2009 og handlingsprogram 2016-2017. Kommunane kan nytte denne lista som ein idébank i sitt arbeid.

Tiltak	Område	Korleis
Rullere kommunen sin eksisterande klima- og energiplan, eller implementere temaet i kommuneplanen. Rullere eksisterande handlingsprogram knytt til kommunen sin klima- og energiplan	Plan	<ul style="list-style-type: none"> • Politisk vedtak og forankring for arbeid med ny eller revidert klima- og energiplan • Utarbeide faktagrunnlag: status og framskrivingar • Fastsette eller revidere mål • Utarbeide handlingsprogram med tiltak, verkemiddel og framdriftsplan • Vedtak og forankring av handlingsprogram • Gjennomføring, oppfølging og rapportering, evaluering og vurdering av måloppnåing <p>Til denne prosessen kan kommunane nytta KOMPLETT: KS og Enova sitt planverktøy for klima- energiplan: http://www.klimaogenergiplan.no/</p> <p>Sjå òg www.miljokommune.no - klima og energiplanlegging</p>
Gjennom kommuneplanlegging legge til rette for å redusere transportbehovet i kommunen.	Plan	<p>Legge til rette for at utbygging skjer i sentrumsnære område og ved sentrale knutepunkt gjennom overordna planar som samfunnsdel og arealdel.</p> <p>Kompakt tettstadutvikling - konsentrere utbygging om sentrale knutepunkt (som til dømes skular og langs busstrasear) og i sentrumsnære område.</p> <p>Fritidstilbod, arbeidsmarknad og bustadområde; legge til rette for mindre transport.</p>
Gjennom kommunal planlegging legge til rette for fjernvarme basert på fjordvarme, bioenergi, varmepumper og andre	Plan, næring, teknisk	<p>Legge til rette for innføring av fjernvarmeutbygging. Gjennom kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel.</p> <p>I samband med nytt VA- anlegg, søke å samordne VA-utbygging med utbygging av fjernvarmeanlegg, for å unngå ekstra kostnader.</p>

miljøvennlige energiløysingar.		
Vurdera om takareal på kommunale bygg er eigna til å produsere solenergi, enten ved å montera solceller til straumproduksjon eller solfangarar til oppvarming av vatn	Plan, teknisk	Gjennomføre analyser av energibehov opp mot effekt av slike løysingar. Vurdera dette ved all renovering/oppgradering. Gje rettleiing til private aktørar som ønskjer å velje slike energiløysingar.
Om det ligg føre konsesjon for fjernvarmeanlegg innføre tilknytingsplikt gjennom plan- og bygningslova.	Plan	Innføre tilknytingsplikt for bustader og verksemder til fjernvarmeanlegg.
Stille krav om bioenergi, fjernvarme, fjordvarme, varmepumpe eller vassboren varme ved godkjenning av nye bustadar eller bustadområde.	Plan	Fjernvarme knytt til bustadkompleks og forretningsbygg, ikkje nødvendigvis leilegheiter/ einebustad
Samarbeid med nabokommunar om heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse	Plan, beredskap	
Utforme ein felles innkjøpsstrategi som tek omsyn til klima- og miljø i eit livsløpsperspektiv	Innkjøp	Strategien må minst innehalde vurderingar knytt til: <ul style="list-style-type: none"> • Rollene som bestillar og utviklar • Lokale innkjøp • Utsleppskrav og livsløpskostnadar Utforme ein miljøstandard med utgangspunkt i innkjøpsstrategien. Standarden bør innehalde krav der effekten kan målast.

Alle offentlege anbod/innkjøp skal vere i tråd med DIFI sine retningslinjer om miljø i offentlege anbod og stille krav til miljøeigenskapar og livsløpskostnader.	Innkjøp	I utarbeiding av anbod bør kravspesifikasjonar og kriterier minst vere på nivå med DIFI sine malar for miljøstandardar i offentlege innkjøp.
Greie ut miljøgevinstar i landbrukssektoren for kommunen.	Landbruk	Landbrukskontoret, eller anna ansvarleg eining i kommunen, tek initiativ til ei utgreiing av utsleppstal knytt til landbrukssektoren. Sjå på korleis ein kan redusera utslepp pr. produsert eining? Kan kommunen redusere sitt utslepp frå metangass?
Gjennom kommuneplanen, legge føringar for at det ikkje skal gjevast konsesjon til nydyrking av myr.	Plan/ landbruk	
Oppmode alle verksemder i kommunen til å delta i industrinettverket til Enova. Dette nettverket er retta mot små og mellomstore verksemder og gjev støtte til finansiering av enøk-analyser og etablering av energileiing og energioppfylgings system.	Nærings- utvikling	Brev og aktiv rekruttering mot alle verksemdene i kommunen – om kommunen ynskjer å satse meir på dette kan dei arrangera seminar om temaet
Finne potensialet for energisparing for industriverksemdene i kommunen gjennom ei undersøking.	Nærings- utvikling	For å finne det totale potensialet av mulige ENØK-tiltak i industriverksemdene i kommunen, er det nødvendig å innhente informasjon frå bransjen: <ul style="list-style-type: none"> • Korleis er energiforbruket i kommunen sine store industriverksemdar? • Kva for energikjelder dominerer? • Kva har industriverksemdene allereie gjort for å redusere energibruken?

Oppmode alle verksemdar i kommunen til å gjennomføre miljøsertifisering og/ eller innføre system for miljøleing	Nærings- utvikling	Verksemdene kan søkje om støtte til miljøsertifisering frå fylkeskommunen si tilskotsordning
Oppmode alle verksemdar i kommunen til å arbeide systematisk med samfunnsansvar og klimaspørsmål	Nærings- utvikling	Bedriftene kan delta i nettverket for samfunnsansvar i næringslivet, som er finansiert av fylkeskommunen og drifta av NHO. Det er ikkje eit vilkår at bedriftene er medlem i NHO.
Utgreie moglegheiter for å styrke lokale verdikjeder i kommunen og regionen rundt	Nærings- utvikling	Utgreie potensiale og peike på muligheiter for bedrifter knytt til: <ul style="list-style-type: none"> • Lokal produksjon • Lokal distribusjon • Lokal marknad og forbruk • Lokal avhending og sirkulering
Legge til rette for aktørar som ønskjer å byggje nullutsleppshus.	Byggesaker	Yte støtte (økonomisk/organisatorisk/ved planarbeid) til aktørar som ønskjer å byggje nullutsleppshus.
Samordne fritidstilbod med kollektivtransportt ilbodet i kommunen, for å redusera transportutslepp	Transport	Direkte pålegg i kommunane sine egne arrangement og i dialog med frivillige lag og organisasjonar.
Bygge ut sykkelveggar og gangstiar	Transport	Legge dette inn i utbyggingsavtalar på nye bustadfelt. Bruke gamle veggar der dette er tilgjengeleg. Merke gamle veggar
Setje mål om ei viss dekning av ladepunkt for el-bilar i nye bustadfelt (private og kommunale), og sørgje for utbygging av ladeinfrastruktur for el-bilar på felles	Transport	Kartlegge behovet for nye ladepunkt med utgangspunkt i det kommunale målet om ladedekning. Samarbeide med utbyggjarar, burettslag, næringsaktørar og andre om finansiering og utbygging av ladepunkt.

parkeringsområde		
Hindre at det oppstår, og stoppe, open brenning av avfall.	Avfall	Open brenning av avfall skjer med låg temperatur, ufullstendig forbrenning og med utslepp av klimagassar og giftige stoff. Vedtak lokal forskrift om open brenning. Utføre tilsyn og kontroll som forsøplingsmyndigheit.
Miljøsertifisera eiga verksemd, og innføra miljøstyringssystem i kommunen	Kommunal verksemd	Gjennomføre miljøsertifisering i alle delar av den kommunale verksemda.
Vurdera å innføra grøn finansforvaltning i den kommunale verksemda		Fleire kommunar og verksemdar har innført grøn finansforvaltning, mellom anna Eid kommune, KLP og Statens Pensjonsfond. Desse modellane kan vere utgangspunkt for tiltak i andre kommunar.
Ved innkjøp/leasing av bilar og liknande skal desse gjennomsnittleg ikkje sleppe ut meir enn 120 g CO ₂ per km. Der det er formålstenleg skal el-bil brukast.	Kommunal verksemd	Krav til CO ₂ utslepp ved kjøp/leasing av bil.
Legge til rette for reduserte utslepp frå kommunen sin eigen transport	Kommunal verksemd	Redusere utslepp frå eiga verksemd gjennom å forbetra logistikken, innføre økokøyring, bruka drivstoffgjerrige køyretøy, alternative drivstoff og ny motorteknologi
Påverka tilsette sine reisevanar	Kommunal verksemd	Innføre incentiv til sykling og kollektivbruk, redusere tal parkeringsplassar eller innføra avgift på parkering for tilsette og besøkande
Stille krav om klima og miljøvenleg husbygging i alle kommunale byggeprosjekt	Kommunal verksemd, bygg	Ha nullutslepp og fornybar materialbruk som krav i alle utbyggingar og rehabiliteringsprosjekt. Stille krav om minst energimerke «B» i alle rehabiliteringsprosjekt, og fremje bruk av tremateriale
Lage eit systematisk energi- og utslepps rekneskap for kommunale bygg.	Kommunal verksemd, bygg	Gjennom energimerking og energistyringsprosjekt i kommunen.

Legge til rette for investeringar i energisparingstiltak i budsjetthandsaminga.	Kommunal verksemd	Mange tiltak kan vere inntente i løpet av få år, men gjennomføringa vert ofte hindra av investeringskriteria og budsjetthandsaminga. Endring av desse til fordel for energisparing. Utnytte tilskotsordningar som finst på området.
Fase ut oljefyring i alle kommunale bygg. Bytte til meir energisparande oppvarming/kjøling, òg der det frå før er elektrisk oppvarming	Kommunal verksemd, bygg	Installasjon av varmepumper og liknande.
Systematisere kunnskap om naturfare i kommunen, inkludert eksisterande sikringstiltak mot naturfare i kommunen.	Plan, teknisk	Kartlegging jamfør NVE si søkeordning for kartlegging av kritiske punkt i bekkar og bratte vassdrag. https://www.nve.no/flaum-og-skred/kartlegging/flaum/tilskudd-til-kartlegging-av-kritiske-punkt-i-bekker-og-bratte-vassdrag/ Registrering og digital kartlegging av eksisterande sikringstiltak og vedlikehald av desse. Jamfør prosjekt i Årdal 2007 http://www.ardal.kommune.no/getfile.php/1269448.1649.vvvwwbfddb/skredsikringsrapport.pdf



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
57 63 80 00
post@sfj.no
www.sfj.no

Framsidedfoto: Jan-Erik Røneid.
"Kortreist steintrapp på veg mot kremtoppen Molden, veldig bra for miljøet og for stien oppover bakkane"
Molden, Luster.

Fotoet fekk tredje plass i fotokonkurransen om klimaomstilling.